



VEDTEKTER FOR KOMMUNALT EIGDE BARNEHAGAR I SVEIO KOMMUNE

1. EIGARTILHØVE

Sveio kommune eig og er ansvarleg for drifta av dei barnehagane som er omfatta av desse vedtektene; Sveio barnehage, Førde barnehage og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage. Politisk styringsorgan for barnehagane er Hovudutval for oppvekst og kultur (HOK). Barnehagane er administrativt knytt til rådmannen. Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar som er einingsleiar i den einskilde barnehage.

2. LOVGRUNNLAG

Alle barnehagar skal i samsvar med barnehagelova § 8, ha vedtekter. Det er barnehageeigar si plikt å fastsetje vedtektene, og dei skal innehalde generelle bestemmingar om drift og informasjon som gjeld tilhøve mellom føresette og barnehagen.

3. FØREMÅL

Lov om barnehager:

§ 1. Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Barnehagane skal drivast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande barnehagelov med tilhøyrande forskrifter, kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage.

3. FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha foreldreråd og samarbeidsutval, jf barnehagelova § 4.

Foreldreråd:

Barnehagen sitt foreldreråd består av føresette til alle barn i barnehagen. Foreldrerådet skal fremja felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Styrar kallar inn til det fyrste møtet om hausten, dei øvrige foreldrerådsmøta kan styrar kalla inn til etter avtale. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Ved røysting vert det gjeve ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld. Foreldrerådet kan be om å få lagt fram saker som er viktige for føresette sitt tilhøve til barnehagen.



Samarbeidsutval:

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet blir valt for eitt år om gongen. Medlemmene har teieplikt etter Forvaltningslova § 13. Det skal vera vararepresentantar for alle gruppene. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv, og ved avstemming har utvalsleiar dobbel stemme ved stemmelikskap. Styrar for barnehagen har møte- og uttalerett, men ikkje stemmerett. Styrar er sekretær for samarbeidsutvalet og referat frå møta skal sendast til Hovudutval for Oppvekst og kultur til orientering. Kommunen sin representant og/eller foredrerepresentantane kan ikkje samstundes vera tilsett ved barnehagen/skulen. Kommunen sin representant bør heller ikkje vera forelder ved barnehagen/skulen.

Samarbeidsutvalet (SU) i Sveio og Førde barnehage skal vera sett saman slik:

- 2 representantar frå føresette
- 2 representantar frå dei tilsette
- 1 representant frå eigar (HOK, hovudutval oppvekst/kultur, vel kommunen sine eigarrepresentantar til samarbeidsutvala)

Valestrand oppvekstsenter har felles samarbeidsutval for skule og barnehage jf. §5, sett saman slik:

- 4 representantar frå dei føresette, 2 skule og 2 barnehage
- 4 representantar frå dei tilsette, 2 skule og 2 barnehage
- 2 representantar frå eigar; styrar (sekretær) og ein politisk valt
- 2 representantar frå elevane

4. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Kommunen si arealnorm er per i dag 4 m² for barn over tre år og 5,3 m² per barn under tre år. Ute bør arealet vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne. Styrar er ansvarleg for at tal på barn er innanfor den einskilde barnehage sitt godkjende netto leike- og opphaldsareal.

5. BARNEHAGEÅR

Barnehageåret strekkjer seg frå og med 15. august til og med 14.august.

6. OPNINGSTIDER

Opningstider vert fastsett i den enkelte barnehage. Det er ein føresetnad at barna vert leverte og henta innan den opphaldstida dei føresette betalar for. Barnehagane er stengt helge- og høgtidsdagar, samt jul- og nyttårsafta. Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagane opne til kl.12.00.

Barnehagane har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår, og desse dagane held barnehagane stengt. Planleggingsdagane kan ikkje reknast inn i ferien til barna.

7. FERIE

For å få oversyn over behov for barnehagetilbod, må bruk av barnehagen om sommaren avtalast skriftleg med styrar i den aktuelle barnehagen innan 1. april.



Alle barn skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår. Minst 3 av vekene skal vera samanhengande innan 20.juni og 14. august. Barnehagen må ha melding seinast 14 dagar før avvikling av fjerde ferieveka. Denne veka kan takast ut som enkeltdagar.

Valestrand oppvekstsenter, avd. barnehage har stengt 4 veker. Sveio og Førde barnehage har stengt i veke 28 og 29. Vidare vurderer styrar i samråd med kommunalsjef om barnehagen skal stengja ytterlegare eller ha ei redusert opningstid, dersom det er få barn som har trong for barnehageplass i sommarferien.

Det kan gjerast unntak frå bestemminga om ferie når særlege grunner talar for det. Søknad om unntak skal sendast til styrar i barnehagen.

8. BARNEHAGEOPPTAK

Ifylgje barnehagelova § 16, har barn som er fødde før 1. september rett til barnehageplass frå og med august året etterpå. Barn som er fødde i september, oktober og november har rett til barnehageplass innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år. Rett til plass føreset at det er søkt om plass innan den fristen som er fastsett av kommunen. Barn har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett.

Sveio kommune har eitt hovudopptak med søknadsfrist den 15. februar kvart år. Føresette søker plass via kommunen si heimeside heile året. Det føregår eit supplerande opptak, og plassar vert tildelt dersom barnehagane har ledig kapaistet (Sjå «Rutinar for samordna opptak» på Sveio kommune sine heimesider).

Alle offentleg godkjente barnehagar i Sveio kommune deltek i samordna opptak. Kommunen skal leggja til rette for ein samordna opptaksprosess med heimel i barnehagelova medrekna "Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage". Alle søkjarar blir underretta om utfallet av handsaming av søknaden, moglegheit for å klaga og klagefrist. Klager som ikkje kan imøtekomast blir sende til Sveio kommune sitt klageutval.

Opptakskrets:

Barn som blir tildelte plass skal som hovudregel vera busette i Sveio kommune.

Opptakskriterier:

Sveio kommune har opptakskriterier i prioritert rekkefølge:

1. Barn med rett til plass etter *lov om barnehager § 18*:

"Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. Barn det er fattet vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage".

NB! For denne gruppa er det inga nedre aldersgrense.

Krav til dokumentasjon: Skriftleg dokumentasjon frå sakkunnig instans.

2. Barn med rett til plass etter *lov om barnehager § 16*.

Blant søkjarar med rett til plass etter § 16, vert søkjarane prioriterte etter følgjande kriterier:



a) Barn med anbefaling frå andre faginstansar (NAV-flyktning, lege, helsesøster, barnevern m.m.).

Krav til dokumentasjon: Skriftleg dokumentasjon frå sakkunnig instans.

b) Søsken av barn som allereie har plass og som skal fortsetja i same barnehage

Under elles like vilkår blir plass til søsken tildelt ved loddtrekning. Dette blir gjort i opptaksnemnda.

c) Øvrige søkjarar

Ved elles like forhold (alder og kjønn) skal søkjarar som har den aktuelle barnehagen på 1. prioritet prioriterast føre dei som har den same barnehagen på 2. prioritet, osv. Under like forhold blir plassane tildelte etter loddtrekning. Dette blir gjennomført i opptaksnemnda.

Opptaksperiode, oppseiingsfrist og permisjon:

Når eit barn har fått plass, får det behalda plassen fram til 14.august det året barnet begynnar på skulen eller til plassen vert sagt opp av ein av partane. Nye barn startar med tilvenning etter avtale med barnehagen.

Oppseiing av barnehageplass skal gjerast elektronisk via Vigilo.no/Sveio kommune sine heimesider. I barnehageåret gjeld ei gjensidig oppseiingsfrist på to månader, rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Det må betalast for oppseiingstida. Ved oppseiing etter 31.mars må det betalast ut barnehageåret. Det vil seie at barn som ynskjer å slutte etter 31.mai, også må betala for juni og fram til 14. august (juli er betalingsfri). Det er ingen oppseiingstid om du byttar mellom kommunale barnehagar.

Barn som på grunn av sjukehusopphald eller alvorleg sjukdom er borte frå barnehagen meir enn ein måned kan søkje styrar om permisjon/betalingsfritak for den perioden barnet er fråverande. Søknad må dokumenterast med legeerklæring.

9. FORELDREBETALING, MODERASJONSORDNINGAR OG MISLEGHOLD

Foreldrebetaling:

Betalingsssatsane vert regulert i høve til maksimalgrensa som vert fastsett av Stortinget jf. *Lov om barnehager § 20*. Barnehagane følgjer statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage (41 t/v og meir). Kommunestyret fastset satsar på deltids plassar. Gjeldande betalingsssatsar er å finna på kommunen sine heimesider. Det vert betalt i 11 terminbeløp, kor juli måned er betalingsfri. Ved oppstart betalar ein for halve august. Det året barnet startar på skulen, betalar ein for halve august og beheld plassen fram til 14. august.

Betaling for kost som barna får i barnehagen blir fastsett i barnehagen sitt samarbeidsutval og kjem i tillegg til maksimalpris. Det blir ikkje gjeve fråtrekk for fråvær ved sjukdom eller av andre årsaker. Heller ikkje i samband med helgedagar, høgtids- og planleggingsdagar. Misleghald av betaling kan føra til at barnet mister plassen. Fristar for innbetaling og innbetalingsmåte blir ivaretatt av kommunen si økonomiavdeling.



Søskenmoderasjon og andre betalingsreduksjonar:

Sveio kommune følgjer dei til ei kvar tid gjeldande reglane knytt til søskenmoderasjon og andre betalingsreduksjonar.

Misleghald

Ved manglande betaling kan barnehageplassen bli sagt opp av kommunen etter at skriftleg varsel er gitt. Oppseiingstida er 1. måned frå skriftleg varsel er gitt.

Ved misleghald av kommunen sine vedtekter for barnehagar, vil skriftleg varsel bli gitt. Etter to skriftlege varslar om misleghald, vil brev med oppseiing av barnehageplassen bli sendt frå einingsleiar i den aktuelle barnehagen. Oppseiingstida er 1 måned.

10. HELSE OG SJUKDOM

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Har barnet møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnet sine føresette, jf. *lov om barnehager § 50*.

Om barnet er sjukt eller har frávær av andre grunnar, må det gis beskjed til barnehagen så tidleg på dagen som mogleg. Eit barn er sjukt når allmenntilstanden tilseier at det ikkje kan vera med på vanlege aktivitetar og/eller er smittefarleg. Personalet kan kontakta barnet sine føresette og be om at sjuke barn blir henta. Barnehagen held seg til Folkehelseinstituttet sine anbefalingar når det gjeld barns helse og sjukdom.

11. ANSVAR, SAMTYKKE OG FORSIKRING

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Levering og henting av barna er føresette sitt ansvar. Den som følgjer barnet må ikkje forlata barnet før dei har vore i kontakt med ein frå personalet. Det same gjeld ved henting. Barnehagen må få beskjed når andre personar enn vanleg skal hente barnet. Ved ulike arrangement i barnehagen der dei føresette deltek, har foreldra ansvar for egne barn. Barnehagen har ikkje ansvar for klede eller andre eigendeler.

Barnehagen hentar inn samtykke frå føresette til naudsynt handsaming av personopplysningar knytt til barn og føresette. Føremålet med dette er å sikra god gjennomføring av barnehagen sine oppgåver og tenester. Samtykket gjeld den perioden barnet går i barnehagen, og kan når som helst trekkjast tilbake. Sveio kommune er behandlingsansvarleg og opplysningane vert arkivert i kommunen sitt arkivsystem. Samtykke som ikkje inneheld sensitiv informasjon vert gitt via kommunikasjonssystemet Vigilo.

Deler av personalet i barnehagen skal ha godkjent livredningskurs. Alle tilsette i barnehagen skal ha godkjent førstehjelpskurs.

Barn med plass i barnehagen er kollektivt forsikra, i samsvar med til ei kvar tid gjeldande avtalar.



12. INTERNKONTROLL OG TILSYN

Alle barnehagane har internkontrollsystem i samsvar med *Lov om barnehager §9* og *Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger* og med heimel i lov om arbeidsmiljø, brannvern, produktkontroll m.m. Dokumentasjon blir oppbevart i barnehagen. Kommunen sitt tilsynsansvar er fastsett i *Lov om barnehager §§ 10, 14 og 53*.

14. TEIEPLIKT

Tilsette i barnehagane og administrasjonen har teieplikt i høve opplysningar som dei i kraft av stillinga blir kjende med, jf. *Lov om barnehager § 44*

15. OPPLYSNINGSPLIKT

Tilsette i barnehagane har opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Opplysningar kan bare gis etter samtykke frå føresette eller så langt opplysningane kan gis utan å bryta teieplikta, jf. *lov om barnehager § 45*. Tilsette har, utan å vera hindra av teieplikta, opplysningsplikt til barnevernstenesta, jf. *lov om barnehager § 46*.

16. POLITIATTEST

Alle som arbeider og oppheld seg regelmessig i barnehage skal leggja fram politiattest, jf. *Lov om barnehager § 30*.

17. ENDRING AV VEDTEKTENE

Kommunestyret godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane i Sveio kommune. Disse vedtektene er vedtekne av Kommunestyret 22.04.2024 og vert gjort gjeldande frå 01.06.2024.